



Kyrjekoret Nordsaang med sin musikalske leiar Eva Megyesi i Varaldsøy kyrkje.

**Uskedal Musikklag og Røysterett for Alle har vore der. No var det kyrjekoret Nordsaang sin tur saman med kantor Eva Megyesi. Konsert og salmekveld i Varaldsøy kyrkje var på alle måtar vellukka, stor interesse og godt frammøte frå bygdefolket i soknet.**

Den høgreste Varaldsøy kyrkje frå 1885 er det største kyrkja i Kvinnherad med nær på 400 sitjeplassar. Altartavle måla av Lars Osa med motivet Kristi oppstoda og katedralglas er eit særmerke. Det same er mykje av inventaret, ljosekruner i messing, dua som heng over preikestolen, døypefatet og ikkje minst handskorne brudestolar med sete og rygg trekt av gyldenlær.

Etter kyrkjevøla i 70 åra vart all måling innvendig teken bort og golv, vegger og benkene er trekvite. Tak, lister og dørar er måla i fint avstemte fargar. All innvendig måling vart gjort under leiing av Johannes Rørvik frå Husnes.



Den trekvite kyrkja på Varaldsøy er vakker. Her ser vi døypefatet og brudestolane med sete og rygg trekt i gyldenlær, gåve Johannes Grønevik, USA.

Konsert og salmekvelden var sett saman av program av Eva Megyesi på orgel/piano og korsong av Nordsaang. Kyrkjelyden var med på fire salmar, alle med melodiar henta frå folketonane. Nokre av salmane var ukjende for kyrkjelyden. Difor vart det sett av tid til innøving av mellom anna Bernt Støylen sin salme Lat oss lova, til tone av Lindemann.

Akustikken i Varaldsøy kyrkje er truleg av det beste vi finn i Kvinnherad. Det vart også sagt i takketalen, noko dei frammøtte likte å høyra.

Tekst/hett: Kristian Bringedal  
Foto: Torgils Våge/ Monica Valstad